## 160 kom seg ut i Fjellhaugen

31.08.2013



Det er noko spesielt med grilling i naturen. Lenst til høgre står Svanhild Haugland frå Uskedalen.

**Dette er den årlege Kom deg ut-dagen til Den Norske Turistforening og hos oss var det 160 som fylgde oppmodinga. I år var Fjellhaugen staden og dei som kom kunne konstatera at dette er ein fin plass for aktivitetar også på sumarføre.**

**På programmet var det klatring i fjellknaus, matlaging på bål, koppkappløp, skyting med bil og boge, ansiktsmåling, rebusløp og skyting med luftegvær.**

**Også Uskedalen var godt representert**




Ansiktsmaling var populært og her er det Hanna Mehammer som vert måla med emblemet til idrottslaget sitt

Kvinnherad Turlag har ei driftig leiing som sto på for å gjera naturopphaldet så triveleg som mogeleg for dei 57 vaksne og 102 registrerte borna som kom.
Det kom ei frisk regnskur omtrent midtvegs i det 3 timar lange arrangementet, men det gjorde berre naturopplevinga enda meir realistisk,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Triveleg på Fjellhaugen tykte dei 160 som kom